


Status for Sjukehuset Nordmøre og Romsdal jula 2017

19. desember, vedtok Stortinget bygging av Sjukehuset Nordmøre og Romsdal og i januar 2018 startar gjennomføringsfasen. SNR skal etter planen stå klart i 2022.

Det nye sjukehuset vil innehalde eit nytt felles akuttsjukehus på Hjelset og eit distriktsmedisinsk senter i Kristiansund, og skal sikre innbyggjarane betre kvalitet på tenestene, auka pasienttryggleik, auka opningstider og kortare ventetid.



Om forprosjektet

Forprosjektet blei avslutta med handsaming i styret i Helse Møre og Romsdal 29. november og vedtak om bygging i styret i Helse Midt-Norge 7. desember.

Målet for forprosjektfasen var å utvikle det valte konseptet til eit nivå slik at styret i Helse Midt-Noreg kunne fatte endeleg avgjerd om å bygge. Forprosjektet blei gjennomført av prosjektorganisasjonen, som består av tilsette frå Helse Møre og Romsdal og Sykehusbygg. I tillegg deltok fleire rådgivarar, blant dei arkitektar og rådgivande ingeniørar. Intern medverking frå tilsette, tillitsvalte, verneombod i HMR og brukarrepresentantar har vore avgjerande for å lukkast med planlegginga av SNR. I forprosjektet blei det gjennomført tre møteseriar og ein rekkje møte med fokus på utvalte tema og funksjonar for å sikre god forankring og medverking i utviklinga av prosjektet.

I forprosjektet blei det utarbeidd eit romfunksjonsprogram som gjer greie for verksemda i alle rom, samt funksjonelle og tekniske krav til rom og bygg. Programmering av rom og utstyr blei gjennomført parallelt med utviklinga av forprosjektet. Arkitektar utarbeidde meir detaljerte teikningar av akuttsjukehuset og av utearealet på Hjelset. Behovet for nærleik mellom funksjonar ut frå eit pasientforløps-perspektiv har vore førande for plassering av funksjonar. I Kristiansund har arkitektane teikna inn romma i sjukehusbygget som skal nyttast av HMR, men arbeidet må vidareførast i neste fase og i samråd med eventuelle andre aktørar som skal inn i bygget.

I forprosjektet blei også prosjektkostnaden kvalitetssikra og det blei utarbeidd ein plan for korleis bygginga av Sjukehuset Nordmøre og Romsdal skal gjennomførast.

Aktivitetar i 2018

Over nyttår startar gjennomføringsfasen som vil innehalde alle aktivitetar frå januar 2018 og fram til SNR står ferdig i 2022. Fasen tek for seg ein rekkje ulike oppgåver:

Funksjonsprosjektet:

I Funksjonsprosjektet blir prosjektet kvalitetssikra og ein jobbar vidare med detaljar i prosjektet som mellom anna utteikning av alle rom, plassering av utstyr og materialbruk. Prosjektet vil også gjennomgå og verifisere sikkerheitsprogrammet for psykisk helsevern, samt verifisere tekniske løysingar og ikkje minst logistikk-konseptet. Funksjonsprosjektet skal vere ferdig i april 2018.

DMS-prosjekt i Kristiansund:

8. desember blei Kristiansund kommune, ORKidé, Helse Møre og Romsdal og Helseinnovasjonssenteret i Kristiansund einige om å rigge eit felles prosjekt som skal utvikle helsetenestetilbod i det nye distriktsmedisinske senteret i Kristiansund.



Frå møtet i Kristiansund 8. desember

12. januar 2018 vil politisk og administrativ leiing i Kristiansund kommune, leiinga i ORKidé og i HMR ha eit første styringsgruppemøte for å diskutere organisering, mandat og kompetansebehov for det vidare arbeidet.

Kommunal medverking:

For å sikre kommunal medverking i utviklinga av heile SNR er det sett ned ei kommunal medverkingsgruppe som skal følgje det vidare prosjektarbeidet i gjennomføringsfasen. Grappa vil ha jamlege møte for å sikre god informasjon- og kunnskapsutveksling, samt involvering og samarbeid om felles problemstillingar og utviklingsmoglegheiter. Til dømes vil representantar frå kommunane bli involvert i OU-prosjekt som er relevante for felles oppgåveløysing i framtida.

OU-prosjekt i HMR:

I samband med utviklinga av SNR er det behov for omfattande organisasjonsutviklingsarbeid i Helse Møre og Romsdal. I tett samarbeid med leiargruppa og klinikkane er det starta opp to OU-prosjekt i 2017 og fleire prosjekt vil bli gjennomført i åra fram mot innflytting. OU-prosjekta tek utgangspunkt i pasientforløp og skal sikre verdiskaping for pasientane når det gjeld kvalitet og effektivitet. Ei anna viktig målsetting med OU-prosjekta er å gjere HMR i stand til å flytte inn i og drifte SNR på ein god måte.


Helseplattformen og SNR:

Helseplattformen og SNR-prosjektet har parallelle tidsplaner og det er særlig tidspunktet for innføring av Helseplattformen og innflytting i SNR som er interessant. HMR har som mål om å flytte inn i SNR med Helseplattformen, men da er det avgjerande at det let seg gjere tidsmessig, praksis og utan for høg risiko. Våren 2018 vil det bli utarbeidd ein swot-analyse som vil gje grunnlag til å vurdere forhold knytt til innføringa av Helseplattformen i HMR og Sjukehuset Nordmøre og Romsdal.

Anne-Lise Sagen Major er lokal innføringsleiar i HMR og i desember blei Kirsti Hamar, seksjonsleiar innan klinikk for kirurgi, tilsett som endringsleiar i HMR med særleg ansvar for å sikre ein god kopling og samarbeid mellom Helseplattformen og SNR.

Riving:

I januar 2018 startar rivearbeidet og klargjering av sjukehusomtå på Hjelset og arbeidet vil halde fram til juni 2018. AF Decom har fått ansvar for gjennomføringa av rivearbeidet . 14 ulike bygningar og konstruksjonar skal rivast og arbeidet inneber miljøsanering, riving og sluttdisponering av riveavfall.



Bygga som er merka med gult på illustrasjonen skal rivast i 2018. Stabburet blir flytta.

I samband med planlegginga av arbeidet som skal gjennomførast på Hjelset så har prosjektet vore i tett dialog med sjukehusdrifta på Hjelset. Drifta av dei psykiatriske avdelingane, kjøkkenet og den tekniske drifta på Hjelset skal halde fram til innflytting i akuttsjukehuset i 2022. Prosjektorganisasjonen har gjennomført ein ROS-analyse for å sikre ein god gjennomføring av arbeidet og for å skjerme pasientar og dei tilsette på Hjelset på ein best mogleg måte.

13. desember hadde prosjekt informasjonsmøte på Hjelset. Eit møte for sjukehusstilsette og eit møte for befolkninga på Hjelset. Målet var å gje tidleg og god informasjon om kommande aktivitetar slik at ein kan sikre god dialog med dei som blir påverka av anleggsarbeidet. Kvar veke blir det lagt ut vekeplanar med melding om arbeid på vår nettstad:

<https://helse-mr.no/om-oss/nytt-sjukehus-snr#gjennomføringsfasen>

27. februar legg prosjektet opp til ei markering på Hjelset i samband med at rivinga av dei gamle sentralane startar opp. Leiargruppa i HMR vil delta på markeringa.

Infrastruktur:

I mars 2018 går ein i gang med å leggje til rette for ny infrastruktur på Hjelset. Arbeidet inneber mellom anna ny vannforsyning, avløpsanlegg og forsyning av straum og data. Oppdølsvegen skal leggst om og rustast opp og gang- og sykkelveggar skal etablerast i samband med Oppdølsvegen. Prosjektet vil inngå kontrakt med ein entreprenør som får oppdraget i januar.

Prosjektet vil invitere til eit nytt informasjonsmøte tidleg i mars for å gje meir detaljert informasjon om infrastrukturarbeidet som skal gjennomførast.

Bygging av akuttsjukehuset:

I 2018 skal ein inngå kontrakt med ein entreprenør som skal bygge akuttsjukehuset på Hjelset. Frist for å melde seg på i konkurransen om oppdraget er 8.januar og prosjektet har som mål og inngå kontrakt i juni 2018. Byggestart er sett til november 2018.

Kontakt oss:

Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål eller innspel til oss i prosjektet. E-post: post.snr@helse-mr.no. For meir informasjon, sjå vår nettside: <https://helse-mr.no/om-oss/nytt-sjukehus-snr>.



Prosjektorganisasjonen bestående av tilsette frå Helse Møre og Romsdal og Sykehusbygg.

Riktig god jul og godt nytt år!

Prosjektsjef Ketil Gaupset